



## Årsmøteprotokoll 2023 frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset laurdag 11. mars 2023, kl 1530-1730, i etterkant av SUPERLAURDAG kl 13.00 med målgruppe småbarnsfamiliar, samling og grautsal.

Blitt ein tradisjon å halde årsmøte i samband med anna arrangement på kyrkjelydshuset, til inntekt for kyrkjelydshuset. Totalt 75 personar tok del på årsmøtet kl 1530, men i forkant på SUPERLAURDAG frå kl 13 var det også mange andre som tok del. Her var det mykje aktivitetar med samling, song, aktivitetar, tombola og grautsal (30 påmeldt til grauten). Barnefamiliane forlot når Superlaurdag var over, naturleg nok for då hadde dei vore der nokre timar. Soknerådet stilte med kaker og sveler til kafe kl 1500, der folk kunne mingle, kjøpe lodd og tombola og finne plassar før årsmøtet skulle ta til, medan bilder frå året rulla på storskjem.

### Årsmøtet:

Soknerådsleiar, Ann Helen Grimstad Worren, ønska velkomen til årsmøtet kl 15.30 og Barnekantoret opna med 3 songar, leia av Sissel Anita Riise og Ida Teige på flygelet. So var muligheit for å kjøpe meir lodd, tombola og kaker. Grimstadkoret framførte 4 songar, samt bursdagssong til kyrkjelydspedagog Barbro Landmark som hadde 55-årsdag same dag. Som ei overrasking hadde soknet ordna ei flott «80-års jubileumskake» til Grimstadkoret sidan dei hadde jubileum i 2022, og dirigent Arild Grimstad fekk opne kaka. Dette vart det satt stor pris på.

Soknerådsleiar og nestleiar Bård Grimstad presenterte kvar sin del av årsmeldinga, og takka frivillige og stab for innsatsen gjennom året, medan kyrkjevevja samstundes viste bilder i samsvar med årsmeldinga på storskjem. Kyrkjevevja presenterte forenkla førebels rekneskap, budsjett og orienterte om det nye kyrkjekontoret og oppgraderingane som er gjort på kyrkjelydshuset. Kyrkjevevja fortalte om givartenesta og at vi treng fleire som er faste givarar, samt brosjyre på borda om givartenesta.

Ny underhaldningsbolc med solosong Arild Grimstad og Ida Teige på flygel. Sal av mat, tombola, lynlodd (gevinstart frå soknerådet), loddbok (gevinstar laga av staben: strikkajakke, strikkapledd og påskekrans) var til inntekt for kyrkjelydshuset. Trekking av loddbøker og lynlodd, før avslutningsord v/soknepresten. Ferdig kl 17.30.

### Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 **Konstituering av årsmøtet**
- 2 **Årsmelding 2022 for Hareid sokn (lå utdelt på borda)**
- 3 **Førebels rekneskap og budsjett (inkl. i årsmeldinga)**
- 4 **Orientering frå kyrkjevevja: Nytt kyrkjekontor og oppgradering kyrkjelydshuset**
- 5 **Avslutningsord frå soknepresten**

### 1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert i Vikebladet, på nettsida, på Kyrkjesida i lokalavisa og sosiale media i forkant av møtet. Årsmeldinga har vore utprinta og tilgjengeleg i kyrkja, på kyrkjekontoret, kyrkjelydshuset og på nettsidene til Hareid sokn sidan den var godkjent av soknerådet 14.02.2023, sak SR 11/23.

#### **Vedtak:**

*Ann Helen Grimstad Worren, soknerådsleiar, vart vald til ordstyrar.*

*Bente Andreassen Pilskog, kyrkjevevje, vart vald til referent.*

*Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Hege Tretnes og Sissel Seljebotn valt.*

### 2 Årsmelding 2022 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av soknerådsleiar Ann Helen Grimstad Worren og nestleiar Bård Grimstad.

#### **Vedtak:**

*Årsmeldinga 2022 for Hareid sokn vart teken til vitande.*

### 3 Førebels rekneskap og budsjett

Rekneskapsrapporten var ikke ferdig og revidert fra den kommunale rekneskapsfører og revisor. Derfor var førebels rekneskap forenkla presentert av kyrkjevevja. Kopi av rekneskap og budsjett låg med i utprint av årsmelding på borda.

**Vedtak:**

*Førebels rekneskap og budsjett var teken til vitande.*

### 4 Orientering om nytt kyrkjekontor og oppgradering av kyrkjelydshuset

Kyrkjevevja fortalt litt om det nye, flotte kyrkjekontoret og oppgraderingane som er gjort på kyrkjelydshuset.

**Vedtak:**

*Orientering om det nye kyrkjekontoret og oppgradering av kyrkjelydshuset var teken til vitande.*

### 5 Avslutningsord frå soknepresten

Sokneprest Lars Hartig-Tangedal fortalte litt om arbeidet i kyrkjelyden og viktigheita av kyrkja sitt arbeid i lokalsamfunnet. Avslutta med velsigninga.


Hareid 20.03.2023

Bente Andreassen Pilskog

kyrkjevevje

referent

  
Sissel Seljebotn

  
Hege Tretnes